

Talentfullt

Av Knut Ødegård

«Rønnaug Kleiva er for meg etter bok nr. 2 eit tydeleg forfattarnamn», skriver vår anmelder om «ei bok eg er heilt viss om at eg kjem til å venda attende til».

«Å fø fram ein kalv over vinteren», er den omsten-delege -tittelen på Rønnaug Kleivas andre bok.

Debutboka, «Animasjona» (1985), var ei dikt-samling. Årets bok ligg i grenseområdet millom prosa og lyrikk, og illustrerer kor vanskeleg ei plassering innanfor generane kan vera. Forlaget presenterer boka som «poetiske prosatekstar», men forfattaren hakkar prosa-en opp i versliner. Det er ofte vanskeleg å få auga på grunngjevinga for kvi-for linene er delte slik dei er, det virkar stundom ganske tilfeldig.

Det er ei bok som inne-held fleire kryssande li-ner, og gjev lesaren høve til å røyva seg på mange opplevings- og erkjen-ningsplan. Tekstane, som varierer frå 4–5 liners — ja: dikt og til eit par siders prosatekst, knyter seg til kvarandre både på det ytre og indre forteljepla-net.

Boka teiknar eit lands-sens nordvestlandsk land-skap og er på det ytre for-teljepalnet realistiske skildringar av daglegdag-se hendingar, trivialitetar — stort sett. Med i dette høyrer årsens ring av mold og frø, vekst i åker, hausting av grøda og tep-pet av snø og frost, men med høyrer også menneskelivets fasar, og sjuk-dom og død. Det store spelet, skreiv Vesaas om — ein forfattar som det også vert direkte referert til. Meir enn med Vesaas er Rønnaug Kleiva — på sitt beste — i øtt med Eldrid Lunden, og dét er når ho maktar å gjera språket sitt til ein presis reiskap for den sinnlege røyndomen som denne diktinga til sjuande og sist handlar om — og der diktet stend eller fell med tilhøva til språket.

Den underliggjande handlinga som røyver seg innan det eg kallar ein sinnleg røyndom, har klå-re paralleller til den ytre — med tilfrysing, smel-tning, opne/stengde vegar osb. — men der det dreier seg om utfaldings- og vekstvegar, men også heimmings- og avsten-gingsmekanismar. Best maktar ho å syna dei underliggjande mønstra gjennom ein antitetisk biletbruk, elva som rinn un-der isen t.d. — stilt opp mot eit kjærteikn eller ei sol som rett nok ikkje skin heile dagen.

Der desse motsatsane — som ofta-nok tilstivna mot noko som strøymer fritt eller motpolar (heitt/kaldt) — ikkje kjem klårt fram, det tekstane for denne le-saren ofte ned i private minnebilete.



Rønnaug Kleiva har markert seg sterkt med høstens bok.

Den utvendige realis-men vert verande utven-dig realisme, men utan den klassiske realistens bodskap eller viktige/en-gasjerande forteljing. Spenningspunktene manglar i ein heil del av desse tek-stane. Eg har dverre ik-kje plass til å gjeva utfyl-lande døme her, men eitt er ein stutt nok tekst til at han kan attgjevast: «Eg har nett teke boka ut av hyllene. Det har eg gjort fleire gonger før. Det er eit oppslagsverk.»

Ordleiken er det einaste eg er i stand til å pressa ut av ein tekst som denne, og det vert for tynt som — le-severk. Blant dei sterka-ste tekstane finst dei som knyter seg til store hen-dingar og tydelege, ofte dramatiske, overgangar som sjukdom og død — som t.d. «Det dør alle ve-gar».

Rønnaug Kleiva er for meg etter bok nr. 2 eit tydeleg forfattarnamn. «Å fø fram ein kalv over vinteren» er — trass i innven-dingane, men også på grunn av irritasjonane — ei bok eg er heilt viss om at eg kjem til å venda attende til. For vi har å gje-ra med ein forfattar som stend fram med eit heilt uvanleg medvite tilhøve til språk, som ikkje talar om dei store kjenslene, men som etter og etter freistar å finna det sann-ferdige språket, slipa fram det klåre biletet — ho er kjølig og sensuell på same tid.

Når ho misluk-kast, for det meiner eg ho gjer av og til, er det ikkje fordi ho vel lettvinde løy-singar, men fordi ho ikkje alltid har arbeidd seg fram til den frigjerande rørsla som er overførings-lina til lesaren. Men eg er ikkje i tvil om at ein har med noko av det mest ta-lentfulle som har stått fram i norsk samanheng på lenge å gjera.

Men det må seiast, og det hadde eg også sagt dersom det var Eldrid Lunden eg skreiv om, at det er trist at ho øydelegg det ellers så gode nynor-ske målet sitt med bok-målsord som t.d. «umul-eg», «førelsane», «befolka» og «bevegelse».

Rønnaug Kleiva:
Å FØ FRAM EIN
KALV OVER
VINTEREN
Det Norske Samlaget